

Møteinncalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Teams
Dato:	12.09.2025
Tid:	Kl. 08:30 – 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet til Sanne.Mikalsen@vlfk.no

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarleg til Sanne.Mikalsen@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 08:30 Sakshandsaming

Oddmund Klakegg
Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 09/25	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 10/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 29.08.25	2022/486	

Vedtakssaker

VS 20/25	Overdraging av utstyr og strategisk utvikling knytt til Campus Førde Verftet AS	2022/486	
----------	---	----------	--

Saksnr: 2022/486-221
Saksbehandlar: Eilert Årseth

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 20/25	12.09.2025

Overdraging av utstyr og strategisk utvikling knytt til Campus Førde Verftet AS

Forslag til vedtak

1. Styret i Fagskulen Vestland støttar overdraging av utstyr og infrastruktur frå Campus Førde Verftet AS til Fagskulen Vestland (Vestland fylkeskommune), og stiller seg positiv til at fagskulen tek over drift og vidare utvikling av labmiljøet ved Campus Verftet.
2. Styret ber administrasjonen følgje opp prosessen i tråd med ønskje frå generalforsamlinga 20.06.2025 og fylkeskommunens vidare handsaming.
3. Styret ønskjer at overtakinga skjer under følgjande rammer:
 - Fagskulen Vestland tek over og driftar gjeldande infrastruktur ved Campus Verftet, inkludert labfasilitetar og tilhøyrande ressurspersonar.
 - Husleige knytt til arealbruk kan ikkje belastast fagskulen sitt ordinære driftsbudsjett.
 - Fagskulen skal ha moglegheit til å tilsette personar som kan støtte opp under næringsretta aktivitetar og vidareutvikling av laben.

Samandrag

Campus Verftet AS er i ein omstruktureringsprosess, og det er ønskeleg at Fagskulen Vestland tek over utstyr og labinfrastruktur som del av dette. Fagskulen skal vidareutvikle labmiljøet i samarbeid med HVL og næringslivet, med fokus på teknologi, innovasjon og praksisnær utdanning. Laben blir også ein sentral ressurs for den nyetablerte EVU-avdelinga, som skal tilby fleksible utdanningar til fagarbeidarar og bedrifter. Satsinga er støtta med midlar frå Industrifagskulen og bransjeprogram, og inngår i nasjonale pilotprosjekt for lønnstøtte til fagarbeidarar som tar etterutdanning.

Torbjørn Mjelstad
rektorAdeline Berntsen Landro
prorektor*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Campus Førde Verftet AS har gjennomført ein strategiprosess våren 2025 med mål om omstrukturering. Generalforsamlinga i selskapet har uttrykt ønskje om at Fagskulen Vestland skal ta over eigarskap og drift av utstyret og infrastrukturen. Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal få tilgang til fasilitetane gjennom samarbeidsavtale og tenestekjøp. Selskapet skal deretter anten avviklast eller overførast til nye eigarar.

Saksutgreiing til hovudutvalg for næring i Vestland fylkeskommune fin ein her:

[PS 75/2025 Campus Førde Verftet AS – Omstrukturering](#) (Saksnr: 2022/67055-12)

Fagskulen sitt behov for labinfrastruktur

Fagskulen Vestland har fleire samlingsbaserte utdanningar, særleg innan teknologi og innovasjon, der tilgang til moderne labfasilitetar er heilt avgjerande. Labaktivitetar er ein sentral del for å oppnå læringsutbytte, og er viktige både for praktisk ferdigheitsstrening og vurdering.

Som ein del av dette behovet har fagskulen etablert ei eiga avdeling for etter- og vidareutdanning. Lokaliseringa er valt på bakgrunn av samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og tilgang til framtidsretta labmiljø ved Campus Verftet. EVU-avdelinga skal utvikle korte og fleksible og praksisnære utdanningar i tett samarbeid med næringslivet, og bidra til kompetanseheving i regionen.

I NOKUT si godkjenning av fagskuleutdanningar på nivå 5.1 og 5.2 blir det stilt krav om at utdanninga skal vere yrkesretta og praksisnær. Dette inneber at studentane må ha tilgang til relevant utstyr og fasilitetar som reflekterer arbeidslivet dei skal inn i. Med samlingsbaserte studiar er det avgjerande at samlingane blir brukt til praktisk arbeid i lab, noko som ikkje kan erstattast med digitale løysingar.

Strategisk utvikling og næringsssatsing

Fagskulen Vestland ser på laben ved Campus Verftet som ein strategisk ressurs for både utdanning og regional næringsutvikling. Det er allereie investert i utstyr for materialprøving, og det er eit mål å få dette sertifisert slik at fagskulen kan tilby tenester til næringslivet.

For å realisere dette, må fagskulen kunne tilsette fagpersonar som kan støtte opp under næringsretta aktivitetar og bidra til utvikling av relevante tenester. Det skal etablerast eit felles fagmiljø med HVL, næringslivet og andre utdanningsinstitusjonar, med mål om å utvikle utdanningar og tilbod som møter konkrete behov i arbeidslivet.

Nasjonal utvikling – stortingsmeldinga om fagskule

Den nye stortingsmeldinga om høgare yrkesfagleg utdanning opnar for at fagskulane kan tilby utdanningar på nivå 6 og 7 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, som yrkesbachelor og yrkesmaster.

Meldinga understrekar at utdanningane skal vere praksisnære, tett på arbeidslivet, og utviklast i samarbeid med næringslivet. Gode fasilitetar og samspel mellom fagskular og høgskular blir løfta fram som avgjerande.

Dette gir Fagskulen Vestland eit strategisk høve til å utvikle nye utdanningar i samarbeid med HVL og næringslivet, der laben på Campus Verftet kan vere ein sentral plattform.

Vedtakskompetanse

Styret sine vedtekter § 1-1 sjuande ledd stadfestar som følger:

Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttale før fylkestinget skal handsame saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.

Konklusjon

Rektor vil tilrå at styret vedtek saka i tråd med saksframlegget.